



Jenny og Sverre Sunde i Uskedalen kan i dag feira jernbrullaup, — 70 år saman i ekteskap.

Jenny og Sverre Sunde i Uskedalen:

70 års samliv og jernbrullaup

AV KRISTIAN BRINGEDDAL
FOTO: BODIL BREKKHUS

Jenny og Sverre Sunde kan i dag feira jernbrullaup etter 70 år i ekteskapet. Den 27. juni 1918 gifte dei seg i Nykirken i Bergen. Dei har fem born og mange børneborn og slekta vil høgtida dagen deira i heimen i Uskedalen.

Kvinnheringen har gjesta to spreke 91 åringar som gjerne fortel om oppvekst, arbeid og samliv i dette hundreåret.

Oppvekst og arbeid

Jenny Sunde f. Musland kjem frå garden Musland i Uskedalen. Faren Torgeir Torgeirsson og mora Marta Kristine Gjertsdotter frå Sjo på Halsnøy fekk 7 born saman.

— Eg er den einaste som lever no. Fleire av brørne mine reiste til Amerika og gjorde det godt. Ein av dei var sjøkaptein og førte båtane som gjekk i troppetransporten mellom Amerika og Frankrike i krigen.

Eg gjekk i skulen for Nicolai Røssland, Marta hatteberg og Johan Omvik. Marta hatteberg var forresten den fyrste som tok til med julefestar for Haugland og Musland krins.

Jenny og Sverre er baae fode i 1897. Dei gjekk saman for presten og vart konfirmert i 1911.

— Ja, vi hadde lang veg til presten den gongen. — Frå Musland øvst i Uskedalen til Rosendal. Etter oppmoding frå landhandlar Ivar Arnesen vart det til at presten annankvar gong kom ut til Dimmelsvik i Tingstova der og tok konfirmasjonsførbuing. Etter dette var eg heime litt og hjelpte til på garden, hushjelp hos skomakar Haugen og i 1916 tok eg til på hermetikkfabrikken i Beinavikjo. Der traff eg Sverre. Vi fekk godhug for einanna og eit par år etter gifte vi oss. Sverre var då i eksisen i 9 månader på festningen i Bergen. Vi fekk leiga ei stov hos Jacobine Haugland, - Bino, delte kjøken med dei andre i huset og slik budde vi fyrste tida.

Seinare flytte vi til Gjertsen og budde i ti år, og tenk: Fire huslydar budde i same huset og det var aldri eit vondt ord mellom oss. I kjellaren var det butikk og mjølkeveging som Bernhard Dønhaug stod for. Seinare budde vi i 10 nye år i Bestemorshuset på Vikjo. Det var Concord sitt hus og der budde vi gratis. Det var vanskeleg med tomt, men ein dag møtte vi son til lærar Jørgen Thunold, Arnfred, og tinga om kjøp av han. «Gå bort på Sahaugen og set spaden i jorda. Der skal de få hustomt», sa han. Slik var det at vi bygde vårt eige i 1939.

Jobben min på hermetikken var å passa ac, — skulle sjå til at eskene var skikkelege.

I Arnesen si tid tredde eg mykje, — stod ute under den stora boka. Ein gong fekk vi engelskmenn på inspeksjon. Då var vi så nøgne med reinsemda at vi vaska oss for kvart brett vi la.

Sverre Sunde er son til Johanne Jensson og Herborg Pedersdotter Dønhaug. Dei fekk til saman 12 born og Sverre var den eldste av dei. To brør lever att frå den store barneflokk.

— Far min kom frå Lauvøyo i Høylandssundet. Han arbeidde på hermetikkfabrikken på Sunde før han i 1894 kom til Uskedalen og byrja hos Ivar Arnesen. Sjølv er eg fode på Dønhaug, budde i fjæro på Nausthaugen til dess vi bygde oss hus oppe ved riksvegen. Eg gjekk i skulen for Jørgen Thunold, var slättekar hos Nils Dønhaug og Ilio og alt som 8 åring vart eg sett til ymse arbeid i Beinavikjo. Elles hadde eg interesse av å høyra på dei gamle, — slik som Svein Stølen, HolmaNilsen og BakarAndersen. Før eg var konfirmert stod eg med ein sikkemaskin og laga kant for loket på boksar for kjøt og fisk.

Ei stund passa eg fyren på sildoljefabrikkan til Sigurd og Hugo Arnesen, — sota, slagga og fyrte.

Concord Canning Company overtok i 1912 og Sverre Sunde byrja straks i arbeid for den nye fabrikkiegaren. Frå 1915 vart han plukka ut til å vera med Johannes Myklebust på skøyta «Concord» og frå 1922 overtok Sverre føringa. — «Concord» var ei 40 fots Li-

sterskøyta med 25 Hk Bolinder. Vi gjekk mykje på Eidfjord og lasta brisling og førte til fabrikk i Uskedalen. Skøyta vart for liten og i 1930 fekk vi «Hausten», — 60 fots kutter med 40 Hk Wickmann og seinare 40 Hk Union. Vi førte råstoff på kysten frå Trøndelag til Svenskegrensa.

«Mannsfjell»

Concord dreiv hermetikkfabrikken og notbruket til dei selde i 1941 til A/S Hermetikkfabrikken Hardanger. Dei nye eigarane kontraherte ny båt og Alfred Eidsvik fekk oppgåva med å byggja. Dette var straks etter krigen. Sverre Sunde såg etter arbeidet og saman med sonen Johannes førte dei «Mannsfjell» fram til 1960. Verksemda i Beinavikjo gjekk konkurs og nokre år etter brann hermetikkfabrikken.

— Det var ei trist natt for oss alle, — særleg for oss som hadde hatt levebrødet vårt der i over 50 år, fortel Jenny.

God helse og felles interesser

Jenny og Sverre Sunde har begge hatt gpd helse. Ingen søkte doktor før dei var godt over 70 år. Sverre har litt vanskar med synter, tok operasjon for grøn stær for nokre år sidan.

— Det var berre som ein leik å få vera på sjukehus, — godt stell og

lite merka eg til operasjonen — Jenny fekk ein liten blodpropp, men ikkje verre enn at det løyste seg fint utan varig mein. Ho er dessutan diabetikar og går til kontroll.

— No har vi heimehjelp to timar for dagen, men i sommarferien vil vi klara oss sjølve. Dessutan kjem borna våre innom og hjelper oss, fortel dei begge.

Jenny og Sverre har felles interesser i hus og hage. Ein velstelt heim møter oss då vi kjem på vitjing. Jenny er ute og klypper kantgras langs blomebedda.

— Eg har godt lag med alt som skal rota seg. Dessutan strikkar og heklar eg mykje. Sjå berre her — fortel ho og syner fram.

Framtida

Jenny og Sverre Sunde er godt nøgd med samlivet deira i 70 år. Dei har hatt det godt saman trass mykje arbeid og slit i kvardagen. Nye tek over og det er ei gleder å sjå korleis slekta vert ført vidare i nye generasjonar.

— Bestegar min på Halsnøy rodde meg mange gonger frå Larsstø til Sunde og sjølv gjekk eg frå Sunde til Musland. No snakkar dei om fylking over Høylandsundet — det er mest utrueleg.

— I dag skal vi visst sitja i kvar vår stol og få servert det meste. Skal tru korleis det vil gå, undrast eit aktivt jernbrurepar.